

Velkommen til påskeferie på Kleppe SFO!



- På mandag og tysdag vil 1. trinn vere på eigen base, medan 2 trinn og eldre er på basen til 3-4trinn. Vi åpner basen til 2-3-4 trinn kl 8, men ved fråvær kan det bli seinare.

Det er difor viktig at elevane veit at dei alltid er velkomne til 1. trinns basen, viss det er stengt på eigen base, så snakk med barnet dykkar om det. Der er det alltid vaksne 😊

På onsdag er alle på 1. trinnsbasen fram til vi stengjer kl 12.00. Elevar som skal gå heim sjølv sendes kl 12, og elevar som skal hentast må vere henta innan kl 12.00.

- ALL levering for dei med morgontilbod (før 08.00) vil skje ved 1. trinn som vanleg kvar dag! Elevar som ikkje har morgontilbod kan ikkje kome på SFO før kl er 8.
- Det blir servert to måltid mandag og tysdag. Lunsj ca kl 10.30 og "middag" ca kl 13.30. Dei som skal ete frukost på morgon-SFO (før kl 8) må ta med matpakke.
- **Det er "HA MED DAG" kvar dag i ferien for dei som vil.**
 - Ta med leiker som oppfordrar til kjekk leik saman med andre.
 - Vi **ønskjer ikkje** leiker med lyd, Pokemonkort eller våpen/våpenliknande leiker. Vær vennleg å respektera dette.
 - Minner også om at alle leiker er med på eige ansvar. Dei tilsette kan ikkje ta ansvar for leiker som tas med.
- Hugs alltid kler etter været , vi er mykje ute og leiker 😊
- Ha skifteklær og gjerne ei drikkeflaske i sekken
- **Gje alltid beskjed dersom barnet ditt er sjuk eller ikkje kjem** som merknad i visma eller SMS tidleg om morgonen eller helst så raskt de veit. Andre beskjeder som sendes utover dagen må komme på sms til basen, **IKKJE** på visma.

Tlf: **1. trinn/Pikachu: 908 21 157, 2. trinn/Bulbasaur: 908 70 893, 3-4. trinn/Eevee: 909 53 269**

Det kan bli endringar i påske-programmet, men programmet gjer ein god peikepinn på kva som vil skje desse dagane. Elles finn me sjølvstakt på andre kjekke ting før og etter kjernetid.

	Måndag25. mars	Tysdag 26. mars	Onsdag27. mars OBS: Vi stengjer kl. 12.00
1.trinn	Ha med dag Tur med påskeegg jakt	Ha med dag Grupper med gymsal	Ha med dag
2.trinn og oppover	Ha med dag Gymsal/påske aktiviteter	Ha med dag Grille pølser ute i grillhytta	Ha med dag
Meny	Pizza	Taco	Rester viss vi har, og brødmat

Opningstid er 08.00 – 16.30 på mandag og tysdag (+ 07.00 – 8.00 for dei som og har morgontilbod),

NB: på onsdag stengjer vi kl. 12.00.

Kjernetid er 10.00 – 14.30, så alle må vere på plass til kl 10!

Kjem nokre seinare eller må hente før, må de sjølv bringa/henta der me er, og gi oss beskjed om at barnet kjem seint, eller skal bli henta tidleg.

